

# Kjøkkenmedarbeidar, Lyngmo Ungdomssenter AS

**30 % stilling fast:** Kjøkkenmedarbeidar.

*Lyngmo Ungdomssenter er Indremisjonsforbundet og Norsk Luthersk Misjonssamband, Region Vest, sin leirstad på Hafslo i Sogn. Lyngmo driv med leirarbeid for barn, ungdom, familiar og vaksne. Lyngmo driv blant anna også barnelagsarbeid, fleire arrangement for alle aldersgrupper og leiarutvikling for ungdom. I tillegg til den ideelle delen av drifta vert leirstaden brukt til konferansar, selskap, gjestehus, camping, med meir, for å tene pengar til den ideelle delen av drifta. Det er 7 fast tilsette på Lyngmo.*

**Me søker etter**

## Kjøkkenmedarbeidar(Fast)

**Fast stilling** med oppstart fra Snarast / 1. mai / eller etter avtale. Stillinga er fast 30 %.

**Stillinga kan kombinerast med prosjektstilling: Kontor- og driftsmedarbeider 50%(sjå eiga annonse)**

### Spesielt for stillinga

#### Kjøkken

- Kjøkkenpersonalet er ein del av vertskapet for gjestene våre.
- Me serverer mat til kvardag og fest. Me ønsker å servere «god og tilpassa mat for alle».
- Stillinga inneber ofte ansvar for matlaging og opprydding i samband med arrangementa våre.
- Den tilsette leier dugnadsmedarbeidarar og samarbeider med desse.

#### For alle stillingar

- Den tilsette er formelt tilsett av Lyngmo Ungdomssenter AS og har fast arbeidsstad på Lyngmo. Unntaksvis kan det bli arbeid på anna stad i nærområdet.
- Det er variert praktisk og administrativt arbeid i stillinga.
- Det må reknast med ein del arbeid på kveld og helg.
- Arbeidstid vert gjennomsnittsberekna og vil variere gjennom året.

### Arbeidsoppgåver

#### Kjøkken

- Hovudinnhald i stillinga er matlaging, servering og rydding etter måltid. Oppvask, rydding og vask av matsal
- Kjøkkenpersonalet samarbeidar med andre tilsette og skal leie dugnadspersonar i ulik alder.
- Kjøkkenpersonalet har ansvar for å følgje IK-Mat rutinane for Lyngmo.

#### For alle stillingar

- Personalet er ein del av Lyngmo sitt vertskap mot deltakarar og andre gjester. Me tek i mot alle som kjem til Lyngmo på ein imøtekomande og varm måte slik at gjestene opplever seg ønska og velkomne.
- Reinhald av fellesareal, rom og sanitær
- Førefallande arbeid på leirstaden
- Hjelp andre tilsette i deira oppgåver; etter behov og sesong

## Kvalifikasjonar

### Kjøkkenmedarbeidar

- Glad i å lage mat og legge til rette for at gjestene får gode opplevingar
- Ryddig og effektiv
- Flink til å planlegge arbeidet og klargjere i samsvar med oppsatte arrangementstidspunkt
- Samarbeide med og rettleie dugnadsmedarbeidarar
- Relevant utdanning er ein fordel, men ikkje eit krav. Grundig opplæring vert gitt ved oppstart.

### For alle stillingar

- Personlege eigenskaper og egnethet vil bli vektlagt

## Anna

- Leige av personalbolig på leirstaden vurderast i samband med tilsetjing.

## Til slutt (gjeld alle)

Me føreset at søkar bekjenner den kristne trua og kan identifisere seg med Lyngmo og eigarane sine føremål og verdiar i samsvar med Lyngmo(ImF) sitt verdidokument.

Vi føreset også at søkar kan legge fram gyldig politiattest

Lønn etter Lyngmo (ImF) sitt regulativ.

*For spørsmål eller informasjon kontakt daglig leder på Lyngmo, Kjetil Stautland, [lyngmo@lyngmoinfo.com](mailto:lyngmo@lyngmoinfo.com), tlf 57 68 43 66*

**Søknad, CV og referansar kan sendast til [lyngmo@lyngmoinfo.com](mailto:lyngmo@lyngmoinfo.com)**

**Søknadsfrist: Snarast – tilsetting kan / vil skje fortløpende**

**Tiltredelse: Snarast (1. mai / etter avtale)**